



Vedtekter

Rødts landsmøte 2021

Rødts
landsmøte
2021





1 § 1 Namn og formål

1. Partiet heiter Rødt/Raudt. Det samiske namnet er Ruoksat.
2. Raudt driv politisk arbeid på grunnlag av partiet sine program og vedtekter.

5 § 2 Medlemene sine rettar og plikter

1. Alle som godtar programmet og vedtektene til Raudt og som betaler kontingenten, vert medlem i partiet.
2. Eit nytt medlem har rett til å få ei innføring i kva partiet står for (program, vedtekter og partiarbeidet).
3. Ein må ha vore medlem i tre veker og ha betalt kontingent det aktuelle året, før ein får røysterett på landsmøtet, årsmøte og nominasjonsmøte, og før ein kan røyste ved val av delegatar til slike møte.
4. Medlemene har rett til – gjennom eit lokallag – å delta ved val av delegatar til årsmøte og landsmøte og til sjølv å vere delegat. Ingen kan binde korleis ein partimedlem skal røyste.
5. Medlemene har rett til å anka vedtak frå eit organ til eit høgare organ.
6. Medlemene har rett til å få rapportar om arbeidet til partileiinga og om utviklinga i partiet som heilskap.
7. Partiet skal leggje til rette for at medlemene kan arbeide aktivt i lag. Medlemene bør om mogleg delta i lagsarbeidet.
8. Medlem i Raudt kan ikkje samtidig vere medlem i anna norsk politisk parti.
9. Medlem i Raudt kan ikkje tilhøyra politisk foreining/organisasjon som motarbeider Raudt.

19 § 3 Kontingent

1. Landsstyret fastset kontingentsatsar og reglar for innbetaling og kva verknad manglande innbetaling har på medlemsrettane. Satsane skal graderast etter inntekt. Medlemene vert oppfordra til å betale meir enn sats.
2. Minst halvdelen av kontingenten skal tilfalle lokal- og distriktsorganisasjonane. Distriktsorganisasjonane sin del av kontingenten vert fastsett i Raudt sitt årsbudsjett.

26 § 4 Organisasjonsprinsipp

1. Raudt skal vere ein open organisasjon prega av gjensidig respekt, der usemje vert verdsett og politikk vert utvikla i ein arbeidsfellesskap. Lag og medlemmer skal gjere usemje kjent i partiet for slik å bidra til politisk utvikling og eit reelt partidemokrati.
2. Leiinga på alle nivå har eit særskilt ansvar for at mindretalssyn vert kjent og reelt handsama i partiet.
3. Ved usemje om kva standpunkt partiet skal ta i saker som er til handsaming i folkevalde organ, avgjer partistyret på det aktuelle nivået. Dei folkevalde representantane har rett til å delta i drøftingane.
4. Om ei sak gjeld til dømes to kommunar, skal partiorganisasjonen båe stader samrå seg og freiste å kome til eit sams standpunkt.
5. Ved val til tillitsverv skal ein arbeide for rotasjon. Dette gjeld både lokalt og sentralt, ved val til partiet sine eigne organ og ved nominasjon til folkevalde verv.

38 § 5 Lokallag

1. Laget er den viktigaste eininga i partiorganisasjonen. Laga gjer det konkrete politiske arbeidet, diskuterer og utviklar ny politikk og vel representantar til øvrige organ i partiet.
2. Lag kan organiserast kring bustad, arbeidsstad, bransje eller interessefelt. Alle medlemmer tilhøyrer eit lag. Ein medlem kan berre ha medlemsrettar i eitt lag som har rett til å velje delegatar.
3. Distriktsstyret godkjenner nye lag. Der det ikkje finst distriktsstyre, godkjenner landsstyret nye lag. Tvist om slik avgjerd kan ankast inn for landsstyret og/eller landsmøtet.
4. Eit lag skal ha styre med minst leiar og økonomiansvarleg. Distriktsstyret/landsstyret kan gjere unntak frå dette.
5. Berre lag kan velje delegatar til årsmøte i høgare organ og til landsmøte. For å ha rett til å velje delegatar, må laget ha minst tre medlemmer. To eller fleire lag i geografisk nærleik kan velje å gå saman om å velje eller nominere delegatar.

52 § 6 Kommuneorganisasjon

1. I kommunar med berre eitt lag er dette laget kommuneorganisasjon etter vallova.
2. I kommunar med fleire lag skal det vere eit styre som koordinerer arbeidet. Om det høver best, kan eit slikt samordningsstyre dekke fleire kommunar. Dette styret representerer partiet i kommunen etter vallova. Styret kan bestå av representantar frå lagsstyra, eller det kan veljast på møte av delegatar frå laga eller på felles medlemsmøte (årsmøte) for heile kommunen. Valmåten vert fastsett i lokal vedtekt. Vedtekta vert første gong fastsett på felles medlemsmøte.
3. Distriktsstyret kan utnemne ein kontaktperson i ein kommune utan lokallag.
4. Det skal vere minst eitt felles medlemsmøte i kommunen kvart år.



61 5. I kommunar med val til bydelsutval gjeld pkt. 2 tilsvarende på bydelsnivå dersom det er fleire lag i bydelen.
62

63 § 7 Distriktsorganisasjon

- 64 1. Distriktsorganisasjon er partiet si organisering innafor det enkelte fylket eller innanfor tidlegare
65 fylkesgrenser dersom minst ein av dei tidlegare fylkesorganisasjonane meiner det er formålstenleg.
66 2. Distriktsstyret skal koordinere lag og enkeltmedlemmer i distriktet til felles handling og utvikling av politikk.
67 Distriktsstyret skal følgje opp medlemmer som står utanfor lag, og bygge partiet i distriktet.
68 3. Distriktsstyret skal minst bestå av leiar, nestleiar og økonomiansvarleg. Leiar eller nestleiar skal vere
69 kvinne. Distriktsstyret representerer partiet i distriktet etter vallova når distriktet er eige valdistrikt.
70 4. Om det ikkje er lag i eit distrikt, kan distriktsorganisasjonen óg vere lokallag.
71 5. Landsstyret godkjenner oppretting av distriktsorganisasjon. Tvist om slik avgjerd kan ankast inn for
72 landsmøtet.
73 6. Landsstyret kan godkjenne oppretting av ei samisk avdeling av Raudt.

74

75 § 8 Fylkesorganisasjon

- 76 1. I fylke med berre ein distriktsorganisasjon er dette fylkesorganisasjon etter vallova.
77 2. I fylke med fleire distriktsorganisasjonar, skal det vere eit styre som samordnar arbeidet. Dette
78 samordningsstyret representerer partiet i fylket etter vallova.
79 3. Samordningsstyret skal bestå av minst tre representantar frå kvar av distriktsorganisasjonane.
80 Representantane skal vere valde på distriktsårsmøta eller det kan veljast på eit fylkesmøte av delegatar
81 frå lokallaga. Valmåten vert fastsett i lokal vedtekt som første gong vert fastsett på delegatmøte.
82 4. Det skal haldast minst eit delegatmøte i året.
83 5. Samordningsstyret skal levere årsrapport om arbeidet sitt tidsnok til at han kan sendast ut saman med
84 sakspapira til distriktsårsmøta.

85

86 § 9 Årsmøte

- 87 1. Årsmøte i lag skal vere kvart år innan utgangen av februar. Det skal minst handsame styret si årsmelding,
88 rekneskap og årsplan og velje styre. Årsmøtet skal varslast seinast ein måned før, og sakspapira skal vere
89 hos medlemene seinast ei veke før.
90 2. Årsmøte i distriktsorganisasjonane skal vere kvart år innan utgangen av mars. Til distriktsårsmøte vel
91 laga delegatar etter medlemstal. Anna ordning kan fastsetjast i lokal vedtekt. Dato for årsmøtet og
92 delegatnøkkelen vert fastsett av distriktsstyret og skal gjerast kjent minst åtte veker før. Lag kan anka
93 delegatnøkkelen inn for partileiinga innan to veker etter kunngjeringa. Sakspapir til distriktsårsmøte skal
94 vere hos laga seinast to veker før møtet. Årsmøtet skal minst handsame styret si årsmelding, revidert
95 rekneskap, framlegg til årsplan og velje styre.
96 3. I landsmøteår nominerer distriktsårsmøtet kandidatar til landsstyret (to kvinner og to menn i prioritert
97 rekkefølge til kvar plass).
98 4. Oslo er å rekne som distrikt i samband med desse reglane.
99 5. Ekstraordinært årsmøte i eit lag skal haldast om ein tredel av medlemene eller ein tredel av styret
100 krev det. Dersom lagsstyret ikkje oppfyller pliktene sine etter vedtektene, kan distriktsstyret innkalle til
101 ekstraordinært årsmøte i laget.
102 6. Ekstraordinært årsmøte i eit distrikt skal haldast om ein tredel av laga eller ein tredel av styret krev
103 det. Dersom distriktsstyret ikkje oppfyller pliktene sine etter vedtektene, kan landsstyret innkalle til
104 ekstraordinært årsmøte i distriktslaget.
105 7. Lag og distriktslag skal sende årsmøteprotokoll til partileiinga.

106

107 § 10 Landsmøtet

- 108 1. Landsmøtet er det høgste organet i Raudt. Det skal haldast innan utgangen av mai minst annakvart år.
109 2. Innkalling, framlegg til dagsorden, delegatnøkkel og oversyn over forslagsfrister for landsmøtet skal vere
110 ute i laga minst 12 veker før møtet. Sakspapir irekna alle innsendte framlegg skal vere sendt delegatane
111 seinast tre veker før landsmøtet.
112 3. Landsmøtet skal minst handsame melding og reviderte rekneskap for perioden og handlingsplan og
113 retningslinjer for budsjett for komande periode. Landsmøtet skal vidare velje partileiar, nestleiar(ar), parti-
114 sekretær, økonomiansvarleg, fagleg leiar, landsstyre og sentralstyre, samt revisor(ar). Funksjonane som er
115 valde direkte på landsmøtet, med unntak av revisor, utgjer partiet sitt arbeidsutval. Leiaren i ungdoms-
116 organisasjonen har møterett med røysterett i partiet sitt arbeidsutval.
117 4. For at eit lag skal kunne sende delegatar på landsmøtet, må det vere oppretta og godkjent innan 31.
118 desember året før. Lag godkjent seinare skal få sende observatør til møtet.
119 5. Landsstyret vedtar delegatnøkkel. Berre lag kan velje delegatar til årsmøte i høgare organ og til
120 landsmøte. Landsstyret vedtek kor mange medlemmer eit lag må ha for å få sende delegatar til landsmøtet.



- 121 To eller fleire lag i geografisk nærhet kan velje å gå saman om å velje delegatar. Alle lag som har tre
122 medlemmer eller meir denne dato, skal ha minst ein delegat.
- 123 6. Raud Ungdom vel sjølv delegatar til landsmøtet, og får like mange delegatar frå kvart fylke som om Raud
124 Ungdom sine medlemmer i fylket hadde vore eit lokallag i Raudt.
- 125 7. Delegatane vert valde med alminneleg fleirtal på lagsmøte (evt felles lagsmøte for fleire lag), der dato
126 er varsla minst tre veker før.
- 127 8. Berre valde delegatar har røysterett på landsmøtet. Landsstyret har tale- og forslagsrett.
- 128 9. Ekstraordinært landsmøte skal haldast når ein tredel av laga krev det eller når distriktsorganisasjonar/lag
129 som representerer minst ein tredel av medlemmene, krev det.

130

131 § 11 Landsstyret

- 132 1. Landsstyret leier arbeidet mellom landsmøta innanfor rammer som går fram av vedtekter, program og
133 landsmøtevedtak.
- 134 2. Arbeidsutvalet (AU) i Raudt er sett saman av leiar, to nestleiarar, partisekretær, fagleg leiar og
135 økonomiansvarleg. Landsmøtet vel desse ved særskilde val. Leiaren i ungdomsorganisasjonen går inn i
136 arbeidsutvalet med fulle rettar.
- 137 3. I landsstyret skal ein freiste å få ein så brei geografisk representasjon som mogleg. Minst ein av
138 medlemmene skal ha samisk bakgrunn. Leiaren i ungdomsorganisasjonen og ein til utpeikt av denne har
139 fast plass i landsstyret med røysterett. Desse må vere medlemmer i partiet.
- 140 4. Landsstyret skal møtast minst tre gonger i året. Minst halvparten av medlemmene i landsstyret må vere til
141 stades for at eit LS-møte skal vere vedtaksdyktig. Vedtak i landsstyret kan ankast inn for landsmøtet.
- 142 5. Når landsstyret ikkje er samla, er sentralstyret det høgste organet i Raudt. Sentralstyret leier det
143 daglege arbeidet til organisasjonen i tråd med retningslinjer frå landsmøtet og landsstyret. Leiaren i
144 ungdomsorganisasjonen møter fast i sentralstyret med røysterett. Sentralstyret er hovudstyre i Raudt.
145 Minst halvparten av medlemmene i sentralstyret må vere til stades for at eit sentralstyremøte skal vere
146 vedtaksdyktig.
- 147 6. Landsstyret kan oppnemne utval som får politisk og praktisk ansvar for særskilde felt.

148

149 § 12 Nominasjonar

- 150 1. Når det skal stillast lister ved val til kommunestyre, skal det haldast nominasjonsmøte med røysterett for
151 alle medlemmer som er busett i kommunen. Nominasjonsmøtet kan delegere ferdigstilling av lista til styret i
152 kommunen. Punktet gjeld også for stortings- og kommunevallista for Oslo.
- 153 2. Dersom det er direkte val til bydelsutval eller liknande, skal det gå fram av lokal vedtekt korleis
154 nominasjonen skjer.
- 155 3. Når det elles skal stillast lister ved val til Stortinget eller fylkesting skjer nominasjonen på
156 nominasjonsmøte med delegatar frå lokallaga i valdistriktet. Når det skal stillast lister i fleire valdistrikt i
157 same fylke, skal det vere separate nominasjonsmøte, der berre delegatar frå valdistriktet har røysterett.
158 Delegatnøkkel blir bestemt i lokal vedtekt. Ferdigstilling av lista kan delegerast til samordningsstyret
159 når det gjeld fylkestingsval, og til distriktsstyret når det gjeld stortingsval så lenge dei gamle
160 stortingsvaldistrikta gjeld.
- 161 4. Landsstyret fastset reglar om nominasjon til sametingsvalet.

162

163 § 13 Kvotering

- 164 1. I alle organ innanfor Raudt, ved val av delegatar og ved nominasjon til Raudt sine vallister skal det vere
165 minst 50 prosent kvinner. For å sikre kvinner høgt opp på lister, bør minst annankvar kandidat vere kvinne.
166 Unntak frå dette kan gjerast ved vedtak i landsstyret eller andre organ landsstyret gir slik myndigheit til.
- 167 2. Ein skal freiste å ha ein høg arbeidandel i alle organ.
- 168 3. I skriftleg tilfang frå partiet sentralt (papir og nett) skal ein freiste å ha ein høg nynorskandel. Landsstyret
169 skal kvart år vurdere situasjonen på feltet og drøfte kva tiltak som trengst. Det skal finnast oppdatert
170 informasjonsmateriell på samisk.

171

172 § 14 Disiplinærtiltak

- 173 1. Om ein medlem skadar eller motarbeider Raudt eller bryt vedtektene, kan det setjast i verk
174 disiplinærtiltak. Slike vedtak skal vere skriftlege med grunngjeving.
- 175 2. Eksklusjon kan vedtakast av landsstyre, distriktsstyre eller sentralstyre. Eksklusjon krev kvalifisert
176 fleirtal, 2/3 av dei røysteføre. Ein ekskludert misser alle rettane sine unnateke paragraf 2.5. Om ein som
177 er ekskludert ankar denne avgjerda, er medlemskapen suspendert til anka er behandla. Ekskluderte
178 medlemmer har rett til å søke sentralstyret om ny medlemskap.
- 179 3. Åtvaring, tilbaketrekking av eller suspensjon frå verv kan vedtakast av lokallagsstyre, distriktsstyre eller
180 sentralstyre.



181 4. Disiplinærvetdakt kan ankast i tråd med paragraf 2.5.

182

183 § 15 Rusmiddel

184 Møte i regi av Raudt skal vere rusgiftfrie.

185

186 § 16 Økonomiske spørsmål

187 1. All offentlig partistønad til Raudt (gruppe-, representant- og røystestøtte, møtegodtgjersle m.m.) er Raudt
188 sin kollektive eigedom. Stønaden vert disponert av landsstyret til fordeling til lag, kommunar og distrikt
189 og til drift av Raudt sentralt. Medlemer som får utbetalt godtgjersle, pliktar å sende denne over til Raudt.
190 Landsstyret vedtek retningsliner for innbetaling og fritak.

191 2. Raudt løner sine tilsette etter prinsippet om likeløn. Dette gjeld både kontortilsette og lønna tillitsvalde.
192 Tilsette i Raudt har fri organisasjonsrett og kan krevje tariffavtale og pensjonsavtale.

193

194 §17 Ungdomsorganisasjonen

195 1. Raud Ungdom er ungdomsorganisasjonen til Raudt.

196 2. Raud Ungdom har rett på delegatar på Raudt sitt landsmøte. Desse må vere medlemer i Raudt.

197 3. I distrikt og på felt der det finst parallell organisering, skal Raud Ungdom inviterast til samarbeid med
198 Raudt. Der det finst lokalt eller distrikts-/fylkesvist ledd av ungdomsorganisasjonen, har dette rett til ein
199 representant i tilsvarande lags-/distrikts-/samordningsstyre av Raudt.

200

201 § 18 Oppløysing

202 1. Framlegg om å oppløyse Raudt eller slå partiet saman med ein annan organisasjon skal handsamast
203 på to landsmøte med minst tre og høgst seks månaders mellomrom. Det første av desse skal vere
204 eit ordinært landsmøte, og her krevst det 2/3 fleirtal for å gå vidare i prosessen. Det andre er eit
205 ekstraordinært landsmøte. Dette stadfester eventuelt vedtaket om oppløysing eller samanslåing med
206 alminneleg fleirtal. Samstundes vedtek dette landsmøtet kva som skal gjerast med partiet sin eigedom.

207 2. Framlegg om oppløysing kan berre kome frå organisasjonsledd i partiet eller landsstyret. Det må vere
208 innkome til partikontoret seinast 31. desember året før landsmøtet som først skal handsame det.

209 3. Distrikts- eller landsstyret kan oppløyse eller slå saman lag når det ikkje lenger er medlemsgrunnlag for å
210 oppretthalde dei. Medlemene i laget har rett til å uttale seg på førehand. Distrikts- eller landsstyret vedtek
211 óg kva som skal gjerast med eigedomen til laget.

212

213 § 19 Vedtekter og vedtak

214 1. Vedtak i Raudt sine organ skal skje med alminneleg fleirtal, om ikkje vedtekt seier noko anna. Om to
215 framlegg får like mange røyster, er ingen av dei vedtekne. Alminneleg fleirtal er fleirtal av avgjevne røyster,
216 utan å telle med blanke eller avhaldande røyster.

217 2. Om det er ulike tolkingar av vedtektene, gjeld sentralstyret si forståing. Denne kan ankast inn for
218 landsstyret, som skal handsame saka ved første høve. Om det trengst rask avklaring, kan telefonmøte
219 eller liknande nyttast etter at alle partar har fått lagt fram sitt syn skriftleg. Landsstyret si avgjerd kan
220 ankast inn for landsmøtet.

221 3. Vedtektene er juridisk bindande i tvistar som gjeld Raudt sin eigedom.

222 4. Desse vedtektene kan berre endrast på landsmøte. Endring krev kvalifisert fleirtal, 2/3 av dei med
223 stemmerett på landsmøtet. Frist for å fremje forslag til endring av vedtektene er fire veker før landsmøtet
224 tek til. Landsmøtet kan berre gjere endringar som heng direkte saman med framlegg som er sendt ut på
225 førehand. Om ikkje landsmøtet vedtek noko anna, trer vedtektsendring i kraft straks.

226 5. Lokale og regionale organisasjonsledd kan ha eigne vedtekter. Desse må ikkje bryte med dei sentrale
227 vedtektene. Lokale vedtekter kan ankast inn for landsstyret.

Rødts

landsmøte

2021

